

Søknad om garanti for dekking av eventuelt underskot på Lokalsjukehuskonferansen 2023

På møte i Underutval Rehabilitering 12.09.22 var det vedteke å arrangere Lokalsjukehuskonferansen tysdag 07. mars 2023, på nye Scandic Voss. Konferansen vart avlyst i 2020 og 2021 og ein har landa på å gjennomføre same konferanse i 2023. I 2020 var det 109 påmelde til konferansen. Temaet er framleis aktuelt, og det er sett saman eit godt tverrfagleg program med innlegg både frå brukarar, kommune- og spesialisthelsetenesta. Tema for konferansen er:

Kreftoverlevare heile mennesket, heile vegen

Med dette temaet ynskjer me å sette lys på korleis det er å leve livet etter ferdigbehandla kreft. Takka vere betre diagnostikk og behandling, men og grunna auka førekomst av kreft, har tal på kreftoverlevare vore aukande dei siste åra. Mange har seineffekt etter kreftsjukdomen eller behandlinga. Å ha blitt kurert for kreft kan ha sin pris og i vedlagt program for konferansen 2023, vil de sjå kva me har valt å setje fokus på i samband med dette.

Deltakaravgifta er planlagt til 950,- earlybird og 1450,- ved påmelding etter 05.01.23.

Etter to år med eit liv og et samfunn «på vent» er vi endelig tilbake til det normale. Dei tilsette i helsetjenesten har hatt nye og endra arbeidsoppgåver og sjukdom har ført til eit stort press for mange. Mange har kjent på ei frykt for å ta med seg smitte til pasientar, men og for å ta med seg smitte heim. Utfordringane i helsevesenet har blitt forsterka under pandemien.

Pandemien tok bort fleire viktige møteplasser og kontaktpunkt. Me har fått fleire digitale møteplasser,- både i samarbeid og kompetanseheving, men me treng framleis fysiske møteplassar på tvers av faggrupper og nivå. Det er viktig at kunnskap og erfaring utnyttast på tvers av faggrupper og tenestenivå.

Under pandemien har kompetanseheving kome i andre rekkje, men no er tida komen for å møtast att! Lokalsjukehuskonferansen er eit godt fagleg tilbod og gjev eit treffpunkt der ein slepp store kostnader til reise og overnatting.

På bakgrunn av tidlegare påmelding har me også i år budsjettert med 100 deltakarar og lagt deltakaravgifta deretter for å gå i balanse. Me ser av påmeldinga før earlybirdfristen at situasjonen i helsetenestene gjerne ikkje tilseier stor påmelding til konferansar akkurat no. Me håpar bølga av luftvegsinfeksjonar har roa seg fram mot februar-mars og at det då vil vera mogeleg å delta på konferansen. Me søkjer med dette om underskotsgaranti på 35 000 og håpar samarbeidsrådet ser positivt på søknaden slik at det kan vera mogeleg å gje eit tilbod om kompetanseheving innan kreftomsorga i vårt lokalsjukehusområde.

Med venleg helsing

Kjersti Gulbrandsen Skattum

For Fysioterapi og tverrfaglege tenester Voss sjukehus og Underutval for rehabilitering